



Rune Veland
Rødland
5993 ØSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1384 - 21/9168

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
10.02.2021

Landbrukssak gbnr 10/5 Rødland - Fjerning av knaus

Saksutgreiing:

Rune Veland har i skogen sin på gbnr 10/5 eit lite planert område for lagring av ved og noko reiskap.

Han ynskjer no å utvida plassen og har fått ein entreprenør som er interessert i jobben og steinen som vert til overs.

Plassen vert då betre utforma og ein får plass til meir ved. Delen som må skytast er på det høgaste ca 1-2 meter og utgjer omkring 40kvm.



Kommunen v/landbrukskontoret har vært på synfaring 11.01.2021 og vurdert at det ikkje er naudsynt med søknad etter plan og bygningslova.

Vurdering:

Saka er vurdert etter forskrift om produksjonstilskot og tilhøyrande rundskriv.

For å ha rett på areal- og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal som vert aktivt drive må føretaket ikkje foreta inngrep som forringar kulturlandskapet jf. § 4 i forskrifta: *Det kan ikkje gis tilskot dersom det forsetas inngrep som forringar kulturlandskapet. Dersom annet regelverk ikke er til hinder for det, kan kommunen likevel forhåndsgodkjenne inngrepet dersom det avhjelper betydelige driftsmessige ulemper.*

I denne saka er det snakk om planering av eit lite område knytt inntil eksisterande lagerplass for å bidra til eit aktivt skog og jordbruk. Det er såleis i tråd med formålet i forskrifta.

Det er gjort søk i forskjellige databasar etter kulturminner, dyreliv og naturtypar utan at ein finn noko som tiltaket vil gje negative konsekvensar for. Arealet ligg og godt inn i skogen på eigeidommen slik at det ikkje vil vera berørte partar.

Me gjer likevel merksam på meldeplikta etter kulturminnelova at dersom ein finn kulturminner må dette straks meldast til Vestland Fylkeskommune og alt arbeid må stogkast inntil vidare.

Vedtak:

Alver kommune gjev Rune Veland løyve til planering av området knytt til lagerplassen på gbnr 10/5.

Det er kun område som er avtalt på synfaring som kan planerast.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Veland

Rødland

5993

OSTEREIDET